

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

## Vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjettamma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingnivå kulturformidling.

## Samandrag

Saka gjeld medlemskap for Vestland fylkeskommune i kunnskapsklynga POLYFON, og deltaking i partssamarbeid etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune m.fl.

Musikkterapi er del av fagområdet kultur og helse. Forsking viser at kultur er helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande på ulike vis. Gjennom deltaking i kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv kan ein utvikle både fysisk form og psykisk helse, oppleve fellesskap og knyte sosiale band. Kulturopplevingar og deltaking kan gi menneske ei kjensle av samanheng og reiskapar til å møte utfordringar. Musikkterapi har gått frå å vere knytta til primær- og spesialisthelsetenestene, til å bli del av det vidare folkehelsearbeidet. Dermed får det også relevans for fylkeskommunane.

Kunnskapsklynga POLYFON vart etablert som eit prosjektsamarbeid om musikkterapi i 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke sidan starten, i eit partssamarbeid med Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane og USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane. Prosjektperioden er over og POLYFON inviterer til eit langsiktig samarbeid om kunnskapsklynga frå 2021.

Gjennom deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi kan fylkeskommunen kvalitetssikre eige arbeid og bidra i fagleg utvikling. For å sikre kontinuitet i samarbeidet og leggje til rette for vidare utvikling på området, rår fylkesrådmannen til at Vestland fylkeskommune held fram som deltakar i POLYFON og partssamarbeidet. Fylkeskommunen bør kartleggje interessa blant kommunane for å knyte seg til partssamarbeidet med mål om å utvide partssamarbeidet til heile fylket.

Midlar til fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta i POLYFON vert dekt innanfor vedteke budsjettet til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løvingsnivå kulturformidling

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Invitasjon til vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi, 22.09.20
- 2 POLYFON-info kommuner-fylkeskommuner
- 3 Webinar\_POLYFON\_261020
- 4 POLYFON Årsmelding-2019
- 5 E-post frå Brynjulf Stige, fagleg leiar POLYFON, 22.09.20

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld medlemskap for Vestland fylkeskommune i kunnskapsklynga POLYFON, og vidareført deltaking i partssamarbeid etablert av tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fagfeltet musikkterapi

Musikkterapeutisk praksis er bygd på erkjenninga av at alle menneske er fødte med evne til og motivasjon for ikkje-språkleg kommunikasjon gjennom lydar og rytmar. Musikk påverkar hjernestrukturar knytte til motivasjon, belønning og emosjonar. Forskarar har òg vist at musikk m.a. er viktig i arbeid med nevrodegenerative sjukdommar. Helsedirektoratet tilrår musikkterapi i behandling av psykose, rusproblem og avhengigheit, og som tilbod til personar med demenslidningar.

Musikkterapi vert i aukande grad anerkjend innan folkehelsearbeidet. Musikkterapi vert òg nytta i skulen, både for einskildelavar med særlege utfordringar og for skulemiljø, trivsel og fråfallsproblematikk.

Musikkterapi er del av det breiare fagområdet kultur og helse. Forsking på eldreomsorg, psykisk helse og born og unge viser at kultur er helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande på ulike vis. Gjennom deltaking i kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv kan ein utvikle både fysisk form og psykisk helse, oppleve fellesskap og knyte sosiale band. Kulturopplevingar og deltaking kan gi menneske ei kjensle av samanheng og reiskapar til å møte utfordringar.

Fylkeskommunalt kultur og helse-arbeid

Fagområdet musikkterapi har gått frå å vere knytt til primær- og spesialisthelsetenestene, til å bli del av det generelle folkehelsearbeidet. Dermed har det også fått særleg relevans for fylkeskommunane. 11 kommunar i Vestland har tilbod om musikkterapi. Bergen, Øygarden og Kinn er dei som har sett av mest ressursar. I tillegg har nokre kommunar musikkterapitilbod gjennom distriktspsykiatriske senter (DPS, statlege), og private og ideelle føretak. Det skaper behov for regional samordning og styrking av ulike ordningar og tiltak, til dømes i faglege nettverk mellom kommunane, fylkeskommunen og fagmiljøa innan musikkterapi. Her vil det vere tenleg at fylkeskommunen tek eit koordinerande ansvar. Dette er i samsvar med praksisen i dei to tidlegare fylkeskommunane som begge la stor vekt på folkehelsearbeid.

I Hordaland fylkeskommune var folkehelse ei satsing på tvers av alle fagavdelingar. Gjennom samarbeid og i interne og eksterne nettverk, hadde fylkeskommunen som mål å bidra til fleire leveår og betre levekår for befolkninga, å jamne ut sosiale helseskilnader, og å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle. Samarbeidet gjennom Idrettsklynge Vest har til dømes resultert i utvikling av nye modellar for arbeid med psykisk helse, inkludering og deltaking innanfor fleire område. Folkehelsearbeidet vart utvikla gjennom å nytte kunnskap og erfaringar på tvers av sektorar og ved å prøve ut nye modellar og ressursar tilpassa utfordringane i Hordaland

Sogn og Fjordane fylkeskommune prioriterte frå slutten av 1980-talet stillingsressursar og tiltak innan fagområda folkehelse, kultur og helse og musikkterapi. Arbeidet vart utvikla i partnerskap med regionale og lokale partnerar, og i tett samarbeid med målgrupper og deltakarar. Fylkeskommunen sette seg sjølv i rolla som inspirator, koordinator, hjelper og pådrivar. Døme på satsingar innan kultur og helse var m.a. vore kulturfestivalen for menneske med nedsett funksjonsevne, kor som lågterskeltilbod og kulturtilbod for flyktningsborn og born av asylsøklarar. Ein etablerte nettverk innan eldreomsorg for alle kommunane med mål om meir innhald og meining i kvardagen for den einskilde.

Å utvikle ein ny regional politikk for kultur og helse med relevante tiltak og verkemiddel er eit ansvar for Vestland fylkeskommune og dei folkevalde styringsorgana. Nasjonale, regionale og lokale mål og føringar, forskning, erfaringsdeling og kunnskapsproduksjon dannar grunnlag for utvikling av politikken som gjeld kultur og helse. Det krev god samhandling på tvers av administrasjonen. Fagområdet ligg til avdeling for kultur, idrett og inkludering, men bør vidareutviklast i samarbeid med avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, der folkehelsearbeidet er forankra.

Kultur og helse-arbeidet må m.a. byggje på intensjonane i kvalitetsreforma, jf *Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre*. Målet er auka livskvalitet og tryggleik i kvardagen og at eldre meistrar livet lenger. For å kunne nå desse måla må kommunar og

fylkeskommune utvikle kultur og helse-arbeidet i samsvar med intensjonen om tilpassa kulturaktivitetar. Mykje av dette peiker inn i komande planarbeid. Men, arbeidet med å leggje til rette for kulturtilbod til alle grupper uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, funksjonsnivå og helse er allereie forankra i *Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og *Premiss: kultur, regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025*.

Ein rekkje tiltak er sett i verk. Som del av Vestland fylkeskommune sitt samla arbeid med kultur og helse driv ein i dag med musikkterapi på systemnivå. På avdeling for kultur, idrett og inkludering er det tilsett rådgjevar i musikkterapi som samarbeider med kommunar og institusjonar. Målet er å styrkje tilbodet av musikkterapi i kommunane, og å bidra til utvikling av fagfeltet gjennom samarbeid med spesialiserte fagmiljø. Deltaking i kunnskapsklynga POLYFON har fylkeskommunen brukt til å kvalitetssikre eiga rådgjeving, formidling og utviklingsarbeid. I vedteke handlingslingsprogram for gjeldande kulturplanar for Vestland, sak i fylkestinget PS 156/2020, ligg vidare deltaking i fora som POLYFON inne

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi, prosjekt 2015-2020

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert som eit prosjekt i 2015, av forskingsmiljø, helseføretak og kommunar som såg behov for samarbeid om å realisere nasjonale tilrådingar for musikkterapi. POLYFON har så langt hatt fokus på fem delområde: 1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse, 3) Rustenester, 4) Eldrehelse og 5) Palliativ behandling og omsorg. Klyngedeltakarar ved utgangen av 2020 var:

- Bergen kommune
- Betanien/Solli/Voss DPS
- Universitetet i Bergen v/Griegakademiet/KMD ved (leiar kunnskapsklynge)
- Helse Bergen
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- NORCE Norwegian Research Centre
- Partssamarbeid Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane), Høgskulen på Vestlandet)
- Haraldsplass Diagonale Sykehus
- RKBU Vest (Regionalt kunnskapscenter for barn og unge)

Samarbeidet i POLYFON har vore regulert av ein konsortiumavtale. I avtalen for andre prosjektperiode 01.10.17-31.12.20 er følgjande lagt til grunn:

*«POLYFON skal ha som målsetning å stimulere kunnskapsbasert og systematisk utvikling av musikkterapeuttilbud til menneske som har behov for dette, innan spesialisthelsetjenesten og kommunale tjenester. Dette skal skje i samhandling med utdanning, forskning og formidling, og det skal bidra til å bygge Vestlandet som ein nasjonal og internasjonal foregangsregion i musikkterapi.»*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke sidan starten, i eit partssamarbeid med Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane og USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for at ein engasjerte seg i samarbeidet var det sterke forskingsmiljøet i POLYFON, OG partane i Sogn og Fjordane såg det som viktig å knytte seg til det som klynge legg til rette for: prosjektsamarbeid, rådgjeving og kunnskapsdeling. Dei fire partane i partssamarbeidet Sogn og Fjordane har hatt eit fagleg samarbeid om musikkterapi, og samstundes delt på kontingenten, som i 2020 var på kr 200.000,- samla for partssamarbeidet. Partssamarbeid Vestland har hatt éin representant i styringsgruppa for POLYFON. Vestland fylkeskommune var partssamarbeidet sin representant i styringsgruppa då prosjektperioden vart avslutta ved utgangen av 2020.

Vestland fylkeskommune overtok dei forplikingane og avtalefesta tilhøva ved samanslåinga. Desse vart gjeldande ut prosjektperioden 01.10.17-31.12.20, og fylkestinget må dermed handsame ei evt lenging. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette er naturleg å tilrå ettersom det i vedteke handlingsprogram til dei gjeldande kulturplanane for Vestland, sak PS 156/2020, ligg inne at fylkeskommunen skal vidareføre deltaking i relevante fora som POLYFON.

Invitasjon frå POLYFON

I brev frå kunnskapsklynga POLYFON dagsett 22.09.20 vert det invitert til vidare samarbeid frå 2021. Vestland fylkeskommune er invitert inn på linje med andre institusjonar, organisasjonar og fagmiljø både på Vestlandet og i landet elles.

I brevet vert det peika på at samarbeidet i kunnskapsklynga kan bidra til å sikre kunnskapsbasert tenesteutvikling og behovsidentifisert kunnskapsutvikling. Erfaringsutveksling, forskningssamarbeid og ulike tiltak for brukarmedverknad inngår i satsinga. POLYFON legg vekt på potensialet i å kople saman aktørar som utfyller og styrkjer kvarandre, og lyser regelmessig ut midlar til forskning og formidling.

Klynga har hatt eit tyngdepunkt i Vestlands-regionen, men frå og med 2021 vert det opna for deltakarar frå heile landet. Lokale og regionale nettverk kan etablerast innanfor det nasjonale samarbeidet. Samarbeidet vert regulert av ein konsortiumsavtale med oppseiingsstid på eitt år.

Det vert opna for einskilddeltakarar og for undergrupper eller partssamarbeid av fleire aktørar med felles regional eller tematisk forankring. Alle einskilddeltakarar og undergrupper har vore representerte i klynga si styringsgruppe. Dersom klynga veks i eit omfang som gjer dette mindre hensiktsmessig, vil det bli etablert ei ny ordning slik partane finn det tenleg, t.d. med generalforsamling og val av styringsgruppe.

Det vert arbeid med å sikre finansiering av klyngesamarbeidet, både frå private og offentlege kjelder. Inntektene skal nyttast til å koordinere og stimulere fagleg utvikling og samarbeid, og det er sett av midlar til prosjektstøtte, oppfølging og rådgiving, seminar og formidling. POLYFONs styringsgruppe fastset deltakaravgifter. Klynga arbeider for å få på plass finansieringsmodellar som kan redusere deltakaravgiftene på sikt. Gjeldande satsar er sett til kr. 150000 per år for ordinære einskilddeltakarar og kr. 280000 for undergrupper og store einskild-deltakarar. For at nye aktørar skal få tid til å innarbeide klyngedeltaking i sine budsjett, vert det tilbydd deltaking til halv pris første året.

Interesserte aktørar vert i invitasjonsbrevet inviterte til å gi ei intensjonserklæring. Ein konsortiumsavtale skal så signerast så raskt som mogleg etter dette.

#### Vidare deltaking i POLYFON

Av partane i partssamarbeid Vestland har Høgskulen på Vestlandet (HVL) meldt at dei held fram i POLYFON, men ikkje som del av partssamarbeidet. Etter samanslåinga av Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund har HVL hatt dobbelt medlemskap i POLYFON. Dei går no vidare som sjølvstendig medlem. Helse Førde og USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) ynskjer å fortsetje partssamarbeidet. I tillegg har Kinn kommune signalisert at dei ynskjer å slutte seg til.

Fylkeskommunen har gjennom deltaking i POLYFON og partssamarbeidet teke del i eit sterkt fagleg fellesskap innan musikkterapi. Ved kunnskapsdeling og prosjektsamarbeid har partane styrkt kvarandre og bidrege til utvikling på fagområdet. Etter regionreforma er det naturleg å sjå heile Vestland fylke som arena for partssamarbeidet. Fylkeskommunen skal setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester i Vestland. Fagleg samarbeid om musikkterapi med forskingsmiljø, institusjonar og kommunane i fylket vil vere eit bidrag til tenesteutviklinga innan folkehelse og kultur og helse.

Det vert utgreidd om det kan vere aktuelt for fleire av utviklingssentera på Vestlandet å knyte seg til POLYFON og partssamarbeidet. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) vert i så fall den formelle parten i partssamarbeidet. Av helseforetaka er førebels Helse Bergen og Helse Førde tilknytt POLYFON.

Det må i tida framover avklarast nærare om det er grunnlag for eit utvida partssamarbeid og kva form dette eventuelt skal ha. Det vil vere uheldig å bryte det etablerte partssamarbeidet mens dette arbeidet pågår. For å sikre kontinuitet og vidareutvikling på feltet rår fylkesrådmannen til at fylkeskommunen vidarefører deltaking i POLYFON og partssamarbeidet, med mål om utviding av partssamarbeidet til kommunar i heile fylket. I første omgang vert partssamarbeidet utvida med Kinn kommune.

Deltakaravgifta for undergrupper som partssamarbeidet er i invitasjonen frå POLYFON sett til kr. 280000. Med fire partar der tre er vesentleg større enn den fjerde, vert følgjande fordeling foreslått for 2021: Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Utviklingssentert for sjukeheimar og

heimetenester USHT Vestland Sogn og Fjordane betaler kr. 75000 kvar og Kinn kommune kr. 55000. Kjem det fleire kommunar med i partssamarbeidet, vert det naturleg å sjå på modellen for fordeling av deltakaravgifta, t.d. med ein stegvis belasting etter folketal, areal eller anna.

#### Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer endeleg vedtak i saka, jf. vedteke reglement for dei folkevalde organa i Vestland fylkeskommune.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkesrådmannen foreslår at fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta for POLYFON vert dekt innanfor budsjetttramma til Avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingnivå kulturformidling.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** : Kunst- og kulturaktivitet er viktig tilfor folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

#### Konklusjon

Saka gjeld vidare medlemskap for Vestland fylkeskommune i kunnskapsklynga POLYFON, og deltaking i partssamarbeid etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Musikkterapi er del av det breiare fagområdet kultur og helse. Forsking viser at kultur er helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande på ulike vis. Gjennom deltaking i kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv kan ein utvikle både fysisk form og psykisk helse, oppleve fellesskap og knyte sosiale band. Kulturopplevingar og deltaking kan gi menneske ei kjensle av samanheng og reiskapar til å møte utfordringar.

Fagområdet har gått frå å vere knytta til primær- og spesialisthelsetenestene, til å bli del av det vidare folkehelsearbeidet. Dermed får det også særleg relevans for fylkeskommunane.

Kunnskapsklynga POLYFON vart etablert som eit prosjektsamarbeid om musikkterapi i 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke sidan starten, i eit partssamarbeid med Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane og USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane. Prosjektperioden er over og POLYFON inviterer til eit langsiktig samarbeid om kunnskapsklynga frå 2021.

Gjennom deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi kan fylkeskommunen kvalitetssikre eige arbeid og bidra i fagleg utviklingsarbeid. For å sikre kontinuitet i samarbeidet og leggje til rette for vidare utvikling på området rår fylkesrådmannen til at Vestland fylkeskommune held fram som deltakar i POLYFON og partssamarbeidet. Fylkeskommunen bør kartleggje interessa blant kommunane for å knyte seg til partssamarbeidet med mål om å utvide partssamarbeidet til heile fylket.

Midlar til fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta i POLYFON vert foreslått dekt innanfor budsjettet til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingnivå kulturformidling